



Hustadvika Kommune
Tingplassen 1
6440 Elnesvågen

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 25/28341 - 26/31431	Vår saksbehandlar: Mona Kristine Fluge -	Dato: 25.02.2026
-------------	--------------	------------------------------	------------------------------------------	------------------

Invitasjon til høyring - Fylkesstrategi for kultur 2026 - 2029

Møre og Romsdal fylkeskommune legg no fram forslag til *Fylkesstrategi for kultur 2026–2029* for offentlig høyring, i samsvar med plan- og bygningslova § 8–3. Strategien gjeld alle fagområda innan det utvida kulturomgrepet, er ein del av fylkesplanen 2025–2028 og peikar ut retning og prioriteringar for kulturfeltet i åra framover. Strategien gir eit bilete på kva som er mogleg om eit samla kulturfelt jobbar på tvers av nivå, organisasjon og tema – men mot same mål.

Den nye fylkesstrategien for kultur skil seg frå den noverande fylkesstrategien på fleire måtar, særskilt ved at den

- Inneheld vesentleg færre, og meir tverrfaglege resultatmål
- Tar utgangspunkt i store samfunnsutfordringar
- Legg hovudvekt på kulturfeltet sin samfunnsverdi

Strategien tar utgangspunkt i åtte sentrale samfunnsutfordringar og løftar fram tre hovudtema som skal vere styrande for kulturpolitikken dei komande fire åra:

- Inkludering og livskvalitet
- Verdiskaping og stadutvikling
- Perspektiv og motstandskraft

Fylkesstrategi for kultur utdjupar måla i regional planstrategi og fylkesplan, men går ned i kultur som fagfelt. Strategien omtaler prioriterte tema, mål og arbeidsområde, men ikkje konkrete tiltak.

Fylkeskommunen legg sine tiltak og finansiering av desse inn i årleg økonomiplan.

Føremålet til fylkesstrategien er at den blir eit dokument som er kjent, opplevast relevant og at den gir ei felles retning for alle som er opptatt av kultur i Møre og Romsdal. Fylkeskommunen ønsker

derfor brei deltaking, og inviterer alle til å gi høyringsvar. Alle innspel vil vere viktige i slutføringa av strategien.

Vi ber særleg om innspel på desse spørsmåla:

1. Er valde mål og prioriteringar godt nok grunngitt? Kvifor / kvifor ikkje?
2. Speglar strategien dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for samfunns- og kulturliv i Møre og Romsdal? Kvifor / kvifor ikkje?
3. Kva manglar i strategien for at han skal bli endå meir relevant for deg eller din organisasjon?
4. Er det område som burde fått større merksemd? Kva for område – og kvifor?
5. Korleis kan du eller din organisasjon bidra til å nå måla i strategien?
6. Korleis kan fylkeskommunen sikre god medverknad og samarbeid for oppfølging av strategien?

Høyringsfrist og innsending

Høyringsfristen er 13. april 2026.

Send inn høyringsvar ved å følgje denne lenka: <https://mrfylke.no/tenester/hoyringar/fylkesstrategi-for-kultur-2026-2029.37043.aspx>

Alle høyringsvar blir liggande offentleg tilgjengeleg på fylkeskommunen si heimeside under høyringsperioden.

Tilgjengelege dokument

Høyringsutkastet ligg publisert i Framsikt: <https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/plan/mrfk/b8ccc30d-361a-4fff-bacc-d05f32535c7d/plan-65b9f25f-12a6-4599-ad04-ec1f0441a30c-51176/#/>

Avslutning

Vi set stor pris på at de tek dykk tid til å gi innspel. Medverknad frå kommunar, kulturinstitusjonar, frivilligheita, barn og unge, næringsliv og andre samfunnsaktørar har vore avgjerande i arbeidet så langt – og er like viktig i slutføringa av strategien.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Mona Kristine Fluge
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

4h Møre Og Romsdal
As Regionteatret I Møre Og Romsdal
Aukra Kommune
Aukra Kommune Kultur
Aure Kommune
Aure Kommune Enhet Kultur Og Næring
Averøy Kommune
Biletkunstnarane I Møre Og Romsdal
Creo Møre Og Romsdal
Dansekraft As
Den Norske Matfestivalen I Ålesund As
Det Frivillige Skyttervesen Mørekretnen
Dnt Romsdal
Dnt Sunnmøre
Dramatikerforbundet
Ensemble Dali
Festspela I Geiranger
Festspillene I Kristiansund As
Fjord Cadenza Festivalen
Fjord Kommune
Foreningen Longva Kunstnerresidens
Forum For Natur Og Friluftsliv I Møre Og Romsdal
Friluftsrådet Nordmøre Og Romsdal Kommunalt
Oppgavefellesskap
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon - Molde Og Omegn
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Møre Og Romsdal
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (ffo) Ålesund Og Omegn
Giske Kommune
Gjemnes Kommune
Haram Kommune
Hareid Kommune
Herøy Kommune
Hjørundfjord Kulturvernlag
Hustadvika Kommune

Mottakere:

Interkommunalt Arkiv For Møre Og Romsdal Iks
Jazzåteatret
Jazzåteatret Produksjon As
Kfuk-Kfum Møre Og Romsdal Krins
Klangfestivalen
Konsertforeininga Sommarljom
Kristiansund Kommune
Kristiansund Kunsthall
Kristiansund Symfoniorkester
Kulturskolerådet
Laget Vårsøg
Laget Vårsøg
Lpp Ålesund Og Omegn
Mediefondet Zefyr As
Mental Helse Møre Og Romsdal
Molde Barnefestival As
Molde Domkirkes Sokn
Molde Kommune
Musikkorpset Tempo
Møre Og Romsdal Folkemusikklag
Møre Og Romsdal Forfattarlag
Møre Og Romsdal Husflidslag
Møre Og Romsdal Idrettskrets
Møre Og Romsdal Kunstsender
Møre Og Romsdal Musikkråd
Naturfestivalen
Naturvernforbundet I Møre Og Romsdal
Nordmøre Mållag
Nordmørsmusea As
Norges Døveforbund Møre Og Romsdal
Norges Handikapforbund Nord Vest
Norges Jeger- Og Fiskerforbund Møre Og Romsdal
Norges Korforbund Sunnmøre
Norges Musikkorps Forbund Nordvest
Norsk Fjellfestival Sti
Norsk Kulturforum Møre Og Romsdal
Norske Dansekunstnere - Forbundet For Dansere
Koreografer Og Pedagoger
Norske Kunsthåndverkere Midt-Norge
Norske Trekkspilleres Landsforbund Møre Og Romsdal

Mottakere:

Nynorsk Kultursentrum Musea For Skriftkultur Sti
Næringsfabrikken As
Operaen I Kristiansund As
Pensjonistforbundet Møre Og Romsdal
Protomore Kunnskapspark As
Rauma Kommune
Rauma Kommune Kultur
Raumarock
Regiforbundet
Romsdal Og Nordmøre Krets Av Norges Speiderforbund
Romsdalsmuseet Sti
Romsdalsorkesteret
Samarbeidsforumet Av Funksjonshemmede
Organisasjoner Safo Nord Vest
Sande Kommune
Sandøyakademiet Eikrem
Siri Skjerve
Smøla Kommune
Smøla Nærings- Og Kultursenter Kf
Stiftelsen Atlanterhavsparken - Norges Nasjonale
Akvarium
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen
Stiftelsen Molde International Jazz Festival
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv
Stiftinga Giskespelet
Stiftinga Herøyspelet
Storfjordens Automobil Klubb
Storfjordens Venner
Storfjordens Venner
Stranda Kommune
Stranda Kommune Kultur Idrett
Sula Kommune
Sula Kommune Kultur Og Oppvekst
Sunndal Kommune
Sunndal Kommune Kultur Og Samfunnstjenesten
Sunndal Næringssselskap As
Sunnmøre Friluftsråd Kommunalt Oppgåvefelleskap
Sunnmøre Friluftsråd Kommunalt Oppgåvefelleskap
Sunnmøre Kammermusikkfestival As
Sunnmøre Kammermusikkfestival Venneforeining

Mottakere:

Sunnmøre Kulturnæringshage As

Surnadal Billag As

Surnadal Kommune

Sykkylven Kommune

Tingvoll Kommune

Ulstein Kommune

Ulstein Kommune Kulturetaten

Vanylven Kommune

Vestnes Kommune

Vindel As

Volda Kommune

Ørsta Kommune

Åkp As

Ålesund Kommune

Ålesund Teaterfestival Sti